BØMLO
VEGSELSKAP

# ÅRSMELDING 2015



ÅRSMELDING 2015

## Innhald

OM SELSKAPET ........ 3
ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE ........ 3
LIKESTILLING ........ 3
DET YTRE MILJØET ........ 4
OPPGÅVER OG ANSVARSFORDELING ........ 4
OM DRIFTA AV SELSKAPET ........ 4
ØKONOMI ........ 6
BOMPENGEINNKREVJINGA ........ 7
PROSJEKTER I BØMLOPAKKEN- STATUS ........ 9
VIDARE DRIFT ........ 10

RESULTATREKNESKAP

BALANSE

NOTAR

REVISJONSMELDING

BØMLO VEGSELSKAP

# OM SELSKAPET

## *Historikk*

Selskapet vart stifta 19. mai 2004, som pådrivarselskap for Bømlopakken, med målsetting om å arbeide for å realisera tilfredstillande veg og samferdselssamband i Bømlo kommune.
På eigarsida var Finnås Kraftlag (7500 aksjar), Eidesvik Holding AS (2500 aksjar), Bømlo kommune (1000 aksjar) og Bømlo Næringsråd (50 aksjar). Seinare kom også Bremnes Fryseri AS (250 aksjar) og Wärtsilä Norway AS (200 aksjar) til.

## *Selskapet*

Frå 25. mars 2010 vart Bømlo Vegselskap AS eit bompengeselskap, fekk ny eigarstruktur og er no 100 % offentleg eigd. Selskapet sine vedtekter er endra slik at dette er teke omsyn til, og tilpassa føremålet som administrasjons- og finansieringsselskap for Bømlopakken.

Selskapet starta innkrevjing av bompengar 2. mai 2013 over bomstasjon på Spissøy og ferjeinnkrevjing ved Langevåg – Buavåg.

## *Aksjonærar*

| | |
|---|---|
| Bømlo kommune | 1400 aksjar (46,67 %) |
| Hordaland fylkeskommune | 1600 aksjar (53,33 %) |

Til saman 3000 aksjar à 100 kroner. Alle aksjar har like rettar.

## *Styret*

<u>Etter generalforsamlinga den 21.5.2015 har styret vore slik samansett</u>:

| | | | <u>Periode</u> |
|---|---|---|---|
| Styreleiar | Inge Reidar Kallevåg | varamedlem Sigbjørn Framnes | 2014-2016 |
| Nestleiar | Per Ole Fylkesnes | varamedlem Anne T. Johannessen | 2014-2016 |
| Styremedlem | Selma Karin Vestvik | varamedlem Kari Friis Sortland | 2015-2017 |
| Styremedlem | Siri Klokkerstuen | varamedlem Sammy Olsen | 2014-2016 |
| Styremedlem | Dag Helge Hellen | varamedlem Geir Angeltveit | 2015-2017 |

Varamedlemmene er personlege.

# ARBEIDSMILJØ OG PERSONALE

Selskapet har ingen tilsette.
Arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillande og selskapet hadde i 2015 ingen ulykker eller skader.

# LIKESTILLING

Selskapet sitt styre har 3 mannlege og 2 kvinnelege medlemmer. Selskapet sitt styre er bevisst dei samfunnsmessige krava om tiltak for å fremja likestilling i selskapet.

## DET YTRE MILJØET

Selskapet si verksemd medfører ikkje forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljø, men trafikken på vegane i Bømlopakken har ein miljøkonsekvens.

## OPPGÅVER OG ANSVARSFORDELING

St.prp. nr 78 (2008-2009) og Bompengeavtalen legg premissene for fordeling av oppgåver og ansvar mellom Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bømlo Vegselskap AS.

**Fylkeskommunen** er lånegarantist, vegeigar og byggherre og gjennomfører utbygginga ( planlegging, prosjektering, grunnerverv, entrepriseform., byggeleiing, rekneskap/økonomi, anlegg etc.)

**Statens vegvesen (SVV)** sitt regionskontor utfører byggherreoppgåver etter oppdrag frå fylkeskommunen. SVV er eigar av bomstasjonen og tilhøyrande innkrevjingsutstyr, og inngår avtalar om service og vedlikehald på utstyret, samt gjer avtale om sentralsystem for bompengeinnkrevjinga.

**Bømlo Vegselskap AS** har rett til innkrevjing av bompengar i 15 år frå oppstart innkrevjing, og skal stå for delfinansieringa av prosjektet i henhold til vedtak i stortinget og bompengeavtalen. Samla ramme for Bømlopakken var ved utarbeiding av søknaden rekna til 1003 mill. kroner (2009), tilsvarande 1457 mill. kroner (2016). Dette innanfor ein feilmargin på +/- 20 % for dei prosjekta som når bompengesøknaden vart godkjent i Stortinget var gjennomført reguleringsplanar for, og ein feilmargin på +/- 40% for dei prosjekta som ikkje hadde ferdige reguleringsplanar (oppstart etter 2014)

I tillegg kjem utgifter til renter på lån, innkrevjingskostnader og kostnader til drift av selskapet.

## OM DRIFTA AV SELSKAPET

### *Styremøte*

Bømlo Vegselskap AS har hatt 6 styremøter i 2015,
26.februar, 16.april, 11.juni, 3.september, 22.oktober og 10. desember.

### *Kontaktutval*

Det er etablert eit eige kontaktutval for Bømlopakken. Kontaktutvalet si rolle og mandat er å syta for at alle prosjekta i Bømlopakken vert gjennomført i tråd med gjeldande framdriftsplan og innanfor økonomiske rammer og tilgjengelege midlar. Det har i 2015 vore 6 møter i Kontaktutvalet for Bømlopakken. Styreleiar Inge Reidar Kallevåg har og vore leiar for Kontaktutvalet i 2015. Statens vegvesen er sekretariat for Kontaktutvalet.

I Kontaktutvalet deltek faste representantar frå Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Bømlo kommune og Bømlo Vegselskap AS. Kontaktutvalet vert forsterka med fleire representantar ved behov i det enkelte møtet. Konsulent for planarbeid deltar ved behov.

Bømlo Vegselskap AS har delteke på alle møta i Kontaktutvalet for Bømlopakken i 2015. Vegselskapet er representert ved styreleiar Inge Reidar Kallevåg og representant frå administrasjonen i selskapet.

Selskapet er svært nøgd med at Statens vegvesen gjennomfører aktuelle folkemøte og informerer grunneigarar og andre interesserte i forkant av gjennomføringa av prosjekta.

## *Administrative oppgåver*

Selskapet har avtale med Via Futura AS om utføring av dei administrative oppgåvene i selskapet og kontorhald. Avtalen med Via Futura AS er for perioden 01.07.2013 – 30.06.2017.

Selskapet har avtale med Sumarum AS som ansvarleg rekneskapsførar for selskapet, og KPMG AS om revisjon.

Bømlo Vegselskap AS er medlem i Norvegfinans (Norske Vegfinansieringsselskapers Foreining)

Styreleiar innehar den formelle rolla som dagleg leiar og har brukt tid til administrative oppgåver i samband med deltaking i Kontaktutvalet og andre møter med SVV mv.

## *Ulike avtaler*

Avtale med Statens vegvesen (SVV) om drift av innkrevjingssystemet
Bømlo Vegselskap AS har inngått standard avtale med SVV om sjølve innkrevjinga.
Denne avtalen spesifiserer ansvar, rettigheitar og plikter i høve til innkrevjinga og innkrevjingsutstyret.

Det er inngått avtale med ASB sekretariatet om AutoPASS Samordna Betaling, for koordinering av bruk av AutoPASS-brikker i alle norske anlegg (www.autopass.no),
og i Sverige/Danmark (EasyGo) (www.easygo.com)

EPC, European Parking Collection (innkrevjing utlandske kjøretøy)
Selskapet har inngått avtale med EPC om innkrevjing av utenlandske kjøretøy. Selskapet vil motta månadlege rapportar frå EPC. Sum innkrevd for 2015 har selskapet mottatt kr 339.229,- frå EPC. Kommisjon til EPC utgjør ca. 17 % av mottatt betaling.

Avtale med driftsoperatør
Driftsoperatør for selskapet er Trøndelag Bomveiselskap AS ( tidligere Vegamot AS ).
Avtalen er inngått for periode 01.05.2014 – 30.04.2017. Driftsoperatøren er selskapet sin underleverandør og står for sjølve innkrevjinga i bomstasjonen.

Inkassoavtale
Selskapet har avtale med Visma Collectors AS om inkasso av de forfalte bompengebetaling og påløpte tilleggsavgifter.

Avtale ferjeinnkrevjing
Selskapet har avtale med Norled AS om innkrevjing av bompengar på ferjestrekninga Langevåg -Buavåg med eit påslag på 4 takstsoner på ferjebilletten. Selskapet mottar månedlege rapportar over forhåndsinnkrevinga av bompengane, og blir fakturert en provisjon for innkrevjinga.

# ØKONOMI

## *Låneopptak*

Bømlo Vegselskap AS tok opp eit lån på 350 mill. kroner hos Kommunalbanken medio desember 2011 i samsvar med sjølvskuldnargarantien til Hordaland fylkeskommune.
Gjennomsnittsrente inkl. margin på dette lånet har vore 1,72 % i 2015 mot 1,97% i 2014.
Selskapet har i 2015 hatt rentesikring av lånegjelda på 68,5%. Etter desember 2015 er rentesikringsnivået endra til 37% av lånegjelda, då ein av dei tre rentesikringane som selskapet har hatt gjekk ut. Kravet til rente i St.prp. nr. 78 (2008-2009) er 6,5 %, som ein føresetnad for finansieringsplanen for Bømlopakken.
Styret har gjennom heile året hatt fokus på utviklinga av rentemarknaden og har drøfta vidare sikring av renta ved kvart styremøte.

## *Finans*

Finansinntekter og finanskostnader 2015. Netto resultat av finansposter er kr -7.079.025,-.
Finansinntektene er kr 3.400.410,-, lånekostnaden er kr 6.056.848,-, og kostnad rentesikring kr 4.422.586,-.

## *Inntekter*

Selskapet hadde i 2015 passeringsinntekter frå bomstasjonen på Spissøy på kr 49.182.313,- og bompengeinntekter frå ferje på kr 1.273.442,-.

## *Nøkkeltal pr. passering bompengeinntekter på Spissøy*

| | 2014 | 2015 |
|---:|---|---|
| Inntekter pr. passering | kr. 39,72 | kr. 38,55 |
| Adm. kostnader pr. passering | kr. 0,80 | kr. 0,75 |
| Innkrevjingskostnader pr. passering | kr. 2,66 | kr. 2,29 |
| Finansutgifter pr. passering | kr. 2,81 | kr. 3,35 |
| Til vegbygging pr. passering | kr. 33,45 | kr. 32,48 |

## *Utgifter*

Selskapet hadde i 2015 driftskostnader på 4.190.454,- hvor administrasjonskostnader er kr 960.781,-, og innkrevjingskostnader kr 2.956.169,-.

Selskapet har ingen tilsette. Selskapet sine lønnskostnader på kr 273.504,- er styrehonorar, kompensasjon til styret for tapt arbeidsforteneste og godtgjersle til styreleiar for utføring av administrative oppgåver utover det som er definert inn under oppgåva som styreleiar, blant anna for deltaking på møter i kontaktutvalet og andre møter med SVV mv.

### *Aktivert innkrevjingsrett og resultat*

Aktivert innkrevjingsrett er bokført med kr 335.120.883,- og selskapet sitt resultat i 2015 er etter dette 0.

Selskapet har i 2015 betalt kr 180 mill. til Statens vegvesen jamfør eigen rekvisjonsplan for året. Mot slutten av fjoråret kom det eit tilleggskrav på 57 mill. utover det som var planlagt. Dette var av SVV begrunna i at framdrifta på prosjekta gjekk raskare enn planlagt og at kapitalbehov av den grunn auka. Selskapet valgte likevel å utseja innbetalinga av dette kravet til etter driftsåret 2015.

### *Rekneskapsprinsipp*

Bømlo Vegselskap AS følgjer rekneskapsprinsippa som går fram i «Veileder for regnskapsføring i bompengeselskap» utarbeida av Norvegfinans.

## BOMPENGEINNKREVJINGA

Bomstasjonen ligg på Spissøy i Bømlo kommune, den er heilautomatisk med innkrevjing i begge retningar.

Bomstasjonen – uønska hendelse
Bomstasjonen på Spissøy vart utsatt for brann i slutten av november 2015 med den følgje at bomstasjonen var ute av drift i 14dg.
Det fikk konsekvensar for innkrevjinga med eit estimert inntektstap på ca 1,5 mill kr, i tillegg til kostnader med reparasjon/ utbetring av skaden som er estimert til om lag 0,5 mill kr.

### *Takstar*

Selskapet har dette året sendt søknad om ei justering av dagens takster ved bomstasjonen på Spissøy frå januar 2016, snarast mogleg etter denne dato. Årsaka for takstjusteringa er at dagens takstar ikkje er prisregulerte sidan oppstart i mai 2013. Fleire nyttar rabatterte reiser enn kalkulert, timesregel og bruk av el.bilar reduserer inntektene meir enn føresett.
Forslaget til takstauke har vore til høyring blant kommunane Bømlo, Stord, Fitjar og Sveio samt i fylkeskommunen, der alle stiller seg positive til forslaget. Saka er no hos vegdirektoratet for endeleg godkjenning. Det er venta at nye takstar vil bli gjeldande frå januar 2016, eller snarast mogleg etter denne dato.

| | Takst før justering | | | | Takst etter justering | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Takster* | *Lett bil* | *Forskott* | *Tung bil* | *Forskott* | *Lett bil* | *Forskott* | *Tung bil* | *Forskott* |
| *Full pris* | 65 | | 130 | | 80 | | 160 | |
| *30 %* | 45,50 | 1820 | 91 | 3640 | 56 | 2240 | 112 | 4480 |
| *40 %* | 39 | 2340 | 78 | 4680 | 48 | 2880 | 96 | 5760 |
| *50 %* | 32,50 | 3900 | 65 | 7800 | 40 | 4800 | 80 | 9600 |

Timesregel
Ved passering av bomstasjonen på Spissøy fleire gonger innan ein time, betalar kunden for èi passering. Dette krev at kunden har brikke i bilen og gyldig avtale med eit bompengeselskap.

Månadleg passeringstak
Kunden betalar maksimum for 75 passeringar kvar månad. Passeringar utover dette er gratis. Timesregel og passeringstak krev at kunden har brikke i bilen og gyldig avtale med eit bompengeselskap.

Bompengeinnkrevjing på ferjesambandet Buavåg – Langevåg
Bompengane inngår i ferjebilletten og utgjer eit påslag på fire takstsoner på gjeldande takstregulativ. Trafikantane oppnår dei rabattane som er lagt til grunn i Riksregulativet for ferjetakstar.

Bompengane tilsvarar eit tillegg på 4 takstsonar på gjeldande ferjeregulativ for strekninga. I ferjesambandet er det lagt opp til rabattar etter rabattordningane for ferjetakster.

## *TRAFIKKUTVIKLING*

| Månad | Passeringar 2015 | Passeringar 2014 | Auke 2014-15 | ÅDT | Brikker i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Januar | 97 401 | 93 344 | 4 | 3142 | 89,09 |
| Februar | 94 758 | 90 421 | 5 | 3384 | 89,35 |
| Mars | 110 559 | 103 297 | 7 | 3566 | 89,38 |
| April | 111 770 | 106 411 | 5 | 3726 | 88,69 |
| Mai | 115 207 | 109 620 | 5 % | 3716 | 87,99 |
| Juni | 120 315 | 115 211 | 4 % | 4011 | 87,87 |
| Juli | 108 010 | 102 187 | 6 % | 3484 | 87,12 |
| August | 115 430 | 113 566 | 2 % | 3724 | 88,02 |
| September | 113 716 | 108 723 | 5 % | 3791 | 89,12 |
| Oktober | 115 304 | 110 035 | 5 % | 3719 | 89,81 |
| November | 84 008 | 100 146 | -16 % | 2800 | 89,88 |
| Desember | 89 485 | 99 717 | -10 % | 2887 | 80,16 |
| **Sum** | **1 275 963** | **1 252 678** | **2 %** | **3 496** | **88,12** |

ÅDT =gjennomsnittleg trafikk pr. døgn
Nøkkeltalla er henta frå CS Norge – bompengeselskapa sitt innkrevjingssystem.
Betalande kjøretøy gir ein ÅDT på 3 496 i 2015. Dette er noe lavere i nov og des pga bortfall av passeringer i perioden hvor bomstasjonen hadde 14dg driftstopp pga hærverk/ brann.

Det er ca. 88 % av passeringane som er skjedd med AutoPASS-brikker i 2015.
Tunge kjøretøy utgjer i 2015 6 % av dei totale passeringane, mens lette kjøretøy utgjer 89 %. Resterande passeringar på 5 % er knytt til ukjente passeringar. Ukjente passeringar er t.d passeringar frå elbilar, traktorar og motorsyklar som "trigge" registrering, men som har fritak.

Det har vært ein vesentlege auke i miljøvennlege køyretøy ( elbilar ) sidan fyrste driftsmånaden i mai 2013 som da var 1678 passeringar, og til desember månad 2015 med 6071 passeringar.

Elbiler fra oppstart mai 2013 tom desember 2015

| | Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni | Juli | August | Sept | Okt | Nov | Des | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Elbiler 2013** | | | | | 1626 | 2052 | 1689 | 2568 | 2754 | 3218 | 3179 | 2969 | 20055 |
| **Elbiler 2014** | 3965 | 3919 | 4518 | 4568 | 4970 | 5168 | 3998 | 5676 | 6180 | 6534 | 6287 | 5712 | 61495 |
| **Elbiler 2015** | 6595 | 6672 | 8085 | 8125 | 8463 | 8895 | 6217 | 8885 | 9852 | 9529 | 6621 | 6071 | 94010 |
| | | | | | | | | | | | | | 175560 |

Årsak til fall i antall elbiler i nov og des 2015 var driftstopp i bomstasjonen pga brann.

## PROSJEKTER I BØMLOPAKKEN

Det er tilsamen 18 ulike prosjekt i Bømlopakken. Av disse er 7 prosjekt ferdigstilt før 2015. Status for dei ulike prosjekta som gjenstår er som følgjer :

Ferdigstilte vegprosjekt i 2015:

**FV 542 Røyksund – Eikeland Sør**
Strekninga er på 1800 m – ferdigstilt i 2015

**Fv Urangsvåg - Brandasund**
Strekninga er på 5700 m –ferdigstilt vår 2015

Gjenstående vegprosjekt :

**FV 542 Røyksund – Eikeland Nord**
Dette prosjektet består av ny bru over Røyksundkanalen- oppstart 2016.

**Fv 542 Stokkabekken – Siggjarvåg**
Strekninga er på 7200 m – arbeidet pågår- ferdigstilles mai 2017

**Fv 541 Hestaneset – Tjong**
Strekninga er på 5200 m – arbeidet pågår- ferdigstilles vår 2016

**Fv 541 Tjong – Løvegapet**
Strekninga er på 3150 m – oppstart 2016

**Fv 19 Rubbestadneset – Rolvsnes**
Strekninga er på 9000 m – oppstart 2016

**Fv 541 Sakseid – Hestaneset**
Strekninga er på 8450 m – oppstart 2017

**ÅRSMELDING 2015**

**Fv 541 Ekornsæter – Sakseid**
Strekninga er på 5600 m – oppstart 2019

**Fv 12 Sakseid – Grønnevik**
Strekninga er på 2500 m – oppstart 2020

**Fv 542 Notland – Mosterhamn**
Strekninga er på 820 m - oppstart 2021

**Fv 23 Tormodsetre – Gilje**
Strekninga er på 2500 m – oppstart 2021

Statens vegvesen har informative nettsider om Bømlopakken – sjå desse for oppdatert informasjon om dei ulike prosjekta.

www.vegvesen.no/Vegprosjekter/bomlopakken

Bømlo Vegselskap AS har oppdatert informasjon om bompengeselskapet og informasjon til kundar/brukarar på sine nettsider www.bomlopakken.no

## VIDARE DRIFT

Årsoppgjeret er lagt fram under føresetnad om vidare drift av selskapet. Det er etter styret si oppfatning ingen forhold som tilseier noko anna. Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilete av selskapet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat. Styret har ikkje kjennskap til forhold etter rekneskapsårets utgang som er vesentlege for selskapet si stilling og resultat.

Bremnes, 14. april 2016

| | | |
|---|---|---|
| Kjetil Hestad<br>styreleiar | Per Ole Fylkesnes<br>nestleiar | Siri Klokkerstuen<br>styremedlem |
| Dag Helge Hellen<br>styremedlem | Selma Karin Vestvik<br>styremedlem | |

# Resultatrekneskap

## Bømlo Vegselskap AS

| Driftsinntekter og driftskostnader | Note | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|
| Passeringsinntekter | | 49 182 313 | 47 968 358 |
| Bompengeinntekter fra ferge | | 1 273 442 | 1 199 999 |
| Annen driftsinntekt | 9 | -578 054 | -255 084 |
| Sum driftsinntekter | | **49 877 701** | **48 913 272** |
| | | | |
| Plankostnader | | 0 | 47 513 |
| Lønnskostnader m.m. | 1 | 273 504 | 290 384 |
| Administrasjonskostnader | 2 | 960 781 | 1 007 311 |
| Innkrevingskostnader | 3, 10 | 2 956 169 | 3 336 455 |
| Sum driftskostnader | | **4 190 454** | **4 681 663** |
| | | | |
| Driftsresultat | | **45 687 248** | **44 231 610** |
| | | | |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 3 400 410 | 6 627 671 |
| Annan rentekostnad | 5 | 10 479 435 | 10 147 035 |
| Resultat av finanspostar | | **-7 079 025** | **-3 519 364** |
| | | | |
| Resultat før periodisering og aktivert innkrevingsrett | | 38 608 223 | 40 712 246 |
| | | | |
| Avskrivning av innkrevingsrett | 3 | -38 608 223 | -40 712 246 |
| Sum periodisering og aktivert innkrevingsrett | | **-38 608 223** | **-40 712 246** |
| | | | |
| Årsoverskot | | **0** | **0** |

# Balanse

Bømlo Vegselskap AS

| Eigedelar | Note | 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| Aktivert innkrevingsrett | 3 | 335 120 883 | 136 729 106 |
| Sum immaterielle eigedelar | | **335 120 883** | **136 729 106** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| Kundekrav | | 2 966 198 | 2 555 191 |
| Andre kortsiktige krav | 9 | 1 064 744 | 1 627 839 |
| Sum krav | | **4 030 942** | **4 183 031** |
| Bankinnskot | 5, 8 | 93 526 052 | 232 519 436 |
| Sum omløpsmiddel | | **97 556 994** | **236 702 467** |
| Sum eigedelar | | **432 677 877** | **373 431 573** |

# Balanse

## Bømlo Vegselskap AS

| **Eigenkapital og gjeld** | **Note** | **2015** | **2014** |
|---|---|---|---|
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Aksjekapital | 7 | 300 000 | 300 000 |
| Sum innskoten eigenkapital | | **300 000** | **300 000** |
| | | | |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annan eigenkapital | 7 | 609 186 | 609 186 |
| Sum opptent eigenkapital | | **609 186** | **609 186** |
| | | | |
| Sum eigenkapital | | **909 186** | **909 186** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Anna langsiktig gjeld** | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 5, 6 | 350 000 000 | 350 000 000 |
| Sum anna langsiktig gjeld | | **350 000 000** | **350 000 000** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 58 136 301 | 88 949 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 29 868 | 33 101 |
| Anna kortsiktig gjeld | 4 | 23 602 522 | 22 400 336 |
| Sum kortsiktig gjeld | | **81 768 691** | **22 522 386** |
| | | | |
| Sum gjeld | | **431 768 691** | **372 522 386** |
| | | | |
| Sum eigenkapital og gjeld | | **432 677 877** | **373 431 573** |

Bremnes, 20 / 04 2016
Styret i Bømlo Vegselskap AS

Per Ole Fylkesnes
nestleiar

Selma Karin Vestvik
styremedlem

Siri Klokkerstuen
styremedlem

Dag Helge Hellen
styremedlem

Kjetil Hestad
styreleiar

# Bømlo Vegselskap AS

## Årsregnskap 2015 Noter

### *Note 0 - Rekneskapsprinsipp*

Årsrekneskapen, som er utarbeidd av leiinga og styret i selskapet, må lesast saman med årsmeldinga og revisjonsmeldinga.

Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse og noteopplysningar og er avlagt i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapsskikk i Noreg for små føretak pr. 31.12.2015.

Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggjande prinsippa, og klassifiseringa av eigedelar og gjeld følgjer definisjonar i rekneskapslova. Ved bruk av rekneskapsprinsipp og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, vert det lagt vekt på økonomiske realitetar, ikkje berre juridisk form.

***Driftsinntekter og kostnader***
Passeringer ved bomstasjonen inntektsføres til virkelig verdi på passeringstidspunktet under regnskapslinjen passeringsinntekter. Eventuelle forskuddsbetalinger fra kunder blir balanseført og tas til inntekt når kundene blir belastet for passeringer.

Under linjen innkrevingskostnad kostnadsføres alle kostnader som er direkte relatert til selskapets bompengeinnkreving. Under regnskapslinjen administrasjonskostnader kostnadsføres øvrige kostnader som er relatert til selskapets drift. Kostnader medtas etter sammenstillingsprinsippet, dvs at kostnader medtas i samme periode som tilhørende inntekter inntektsføres.

***Administrasjonskostnader***
Under administrasjonskostnader vert kostnader relatert til drift av selskapet rekneskapsført. Dette inkluderer kostnader til rekneskapsføring, revisjon, innkjøp av tenester, møtekostnader, reisekostnader og liknande som ikkje er direkte knytta til innkrevingsoppgåva

***Drifts- og administrasjonsselskap***
Selskapet kjøper tenester av drifts- og administrasjonsselskapet Via Futura AS. Kostnader til slikt innkjøp av tenester vert klassifisert som administrasjonskostnader.

***Skatt og meirverdiavgift***
Selskapet har ikkje som føremål å drive med overskot, og selskapet er derfor fritatt for skatteplikt.
Selskapet har ikkje frådrag for inngåande meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester, og rekneskapen viser derfor kostnader inklusive meirverdiavgift.

***Immaterielle eigedelar/innkrevingsrett***
Årlege tilskot til vegprosjekta vert rekvirert av Statens vegvesen og Hordaland Fylkeskommune på grunnlag av budsjettopplegg for året. Ved utbetaling til Statens vegvesen blir tilsvarande beløp aktivert som immateriell eigedel/ innkrevingsrett saman med påløpne kostnader i planfasen.
Innkrevingsretten er regulert i eigen bompengeavtale inngått med Statens vegvesen.

***Gjeld til kredittinstitusjonar og rentesikring***
Selskapet sitt lån er teken opp til flytande rente. Selskapet har ein målsetjing om å sikra dette lånet ved at ein har inngått rentebytteavtalar der det blir betalt fast rente og mottek flytande rente.

# Bømlo Vegselskap AS

## Årsregnskap 2015 Noter

### ***Note 1 - Lønn og honorar***

Selskapet har ingen tilsette. Utbetalt lønn er kompensasjon til styremedlemmer for tapt arbeidsfortjeneste og honorar for styremøter og møter i kontaktutvalget for Bømlopakken.

| | 2015 | 2014 |
|---|---|---|
| Lønn og styrehonorar inkl. periodisering | 247 291 | 235 174 |
| Arbeidsgjevaravgift | 26 213 | 26 200 |
| Andre ytingar | 0 | 29 010 |
| *Totale lønnskostnader* | *273 504* | *290 384* |
| Tal årsverk utført av tilsette | 0 | 0 |
| *Styrehonorar* | *176 000* | *174 000* |

### ***Note 2 - Administrasjonskostnader***

| | 2015 | 2014 |
|---|---|---|
| Drifts- og admistrative kostnader | 795 925 | 724 992 |
| Framande tenester | 73 141 | 143 309 |
| Andre driftskostnader | 91 715 | 139 010 |
| *Sum andre driftskostnader* | *960 781* | *1 007 311* |

| Revisor | 2015 | 2014 |
|---|---|---|
| Lovpålagd revisjon | 62 379 | 53 475 |
| Andre tenester | 10 762 | 9 650 |
| *Sum revisjonshonorar* | *73 141* | *63 125* |

### ***Note 3 - Innkrevingsretten***

Selskapet har rett til innkreving av bompengar i 15 år for å finansiere Bømlopakken.
Driftskostnader og rekvisisjonar frå Statens vegvesen som ikkje vert dekt av løyvde midlar frå Bømlo kommune og kompensasjonsmidlar frå Hordaland fylkeskommune vert aktivert for seinare avskriving mot framtidige bompengeinntekter. Akkumulert rekvirering fra SVV er totalt på kr 458,5 mill. kr ved utgangen av 2015.
Overskudd blir motregnet innkrevingsretten.

| Kostpris og ordinære avskr. | Innkrevingsrett |
|---|---|
| Kostpris 1.1. | 136 729 106 |
| Rekvirering Statens vegvesen | 237 000 000 |
| Avskriving 2015 | -38 608 223 |
| Kostpris 31.12. | 335 120 883 |
| Rekneskapsmessig bokført verdi 31.12. | 335 120 883 |
| Avskriving i år | 0 |

### ***Note 4 - Anna kortsiktig gjeld***

| | |
|---|---|
| Forskudd verdiabonnement | -21 001 201 |
| Brikkedepositum | -2 162 600 |
| Påløpt rente | -234 889 |
| Påløpt arbeidsgiveravg. | -1 641 |
| Skyldige feriepenger | -15 478 |
| Uavhentede refusjoner | -6 822 |
| Feilinnbetalt - Kunder forskudd | 8 109 |
| Periodisert styrehonorar | -188 000 |
| *Sum anna kortsiktig gjeld* | *-23 602 522* |

***Note 5 - Gjeld til kredittinstitusjonar og rentesikring***

Selskapet har teke opp langsiktig gjeld hos Kommunalbanken medio desember 2011 på kr 350 mill.
Lånet er avdragsfritt og forfell om 12 år, i sin helhet 15.12.2026.
Renta er nibor + 0,20%. Endring av rentemargin til 0,40 % gjeldende fra 15.12.14.

*Finansielle instrument:*
Selskapet har inngått rentebytteavtalar der selskapet betalar fastrente og mottar 3 månaders NIBOR.

| NOK | Periode: | Fastrente | Mottar |
|---|---|---|---|
| 110 000 000 | 15.12.2011 - **15.12.2015** (0 år) | 2,83 % | 3 månaders NIBOR |
| 65 000 000 | 15.12.2011 - 15.12.2018 (3 år) | 3,30 % | 3 månaders NIBOR |
| 65 000 000 | 15.12.2011 - 15.12.2021 (6 år) | 3,51 % | 3 månaders NIBOR |

*Overskotslikviditeten i kr :*
Overskotslikviditet er pr. 31.12.15 plassert hos fylgjande bankar:

| | |
|---|---|
| Danske Bank | 18 510 932 |
| SpVest | 56 135 109 |
| Sr-Bank | 17 980 652 |
| DnB | 871 757 |
| Nordea | 3 195 |
| | 93 501 645 |

| *Rentekostnader i selskapet er slik:* | *2015* | *2014* |
|---|---|---|
| Flytande rente på langsiktig lån | 6 056 848 | 6 713 049 |
| Nettorente på rentebytteavtalar | 4 422 587 | 3 433 986 |
| Sum rentekostnad | 10 479 435 | 10 147 035 |

***Note 6 - Pantsetjing***

Gjelda er sikra ved sjølvskuldnargaranti frå Hordaland fylkeskommune, knytt til retten å krevja inn bompengar.

***Note 7 - Eigenkapital og aksjonærinformasjon***

| **Eigenkapital:** | **Aksjekapital** | **Annan eigenkapital** | **Sum** |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital 01.01.** | 300 000 | 609 186 | 909 186 |
| **Årets endring i eigenkapital:** | | | |
| Årets overskot | | 0 | 0 |
| **Eigenkapital 31.12.** | 300 000 | 609 186 | 909 186 |

Aksjekapitalen er på kr 300 000, fordelt på 3 000 aksjar alle pålydande kr 100,-.

| | | |
|---|---|---|
| Hordaland fylkeskommune | 1.600 aksjar | 53,33 % |
| Bømlo kommune | 1.400 aksjar | 46,67 % |

Årets overskudd er ført som avskrivning mot innkrevingsretten, jfr note 3.

Etter bompengeavtalen har selskapet krav på ei indeksregulering av aksjekapital med 80% av endring i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks.

***Note 8 - Bankinnskot skattetrekk***

| | *2015* | *2014* |
|---|---|---|
| Bundne skatteetrekkmidlar | 24 407 | 27 147 |

# Bømlo Vegselskap AS

## Årsregnskap 2015 Noter

***Note 9 - Anna driftsinntekt***

Tap tilleggsavgift kan forklares slik.:
Tilleggsavgiften genereres ved purring av autofaktura som ikke er betalt innen forfallsdato.
Noen betaler tilleggsavgiften og andre ikke.

| | |
|---|---|
| Inntekter tilleggsavgift | 992 847 |
| Tap tilleggsavgifter | 751 185 |
| Netto inntekt till avg | 241 662 |

| Annen driftsinntekt fremkommer slik: | |
|---|---|
| Int. utstedergodtgjørelse | 173 233 |
| Tap tilleggsavgift | -751 185 |
| Int. EasyGo refundert | -102 |
| *Sum andre driftsinntekter* | *-578 054* |

***Note 10 - Innkrevingskostnader***

Av innkrevingskostnader er en rekke av kostnadene enten styrt av andre eller har direkte sammenheng med trafikkvolumet. Innkreving startet i 2013. Innkrevingskostnadene fordeler seg slik foı or 2015

| | |
|---|---|
| Strøm varme | 5 177 |
| Leie postboks | 1 020 |
| Drift CS Norge / ASP leie | 95 850 |
| Turistbet / drift formidl ACFC | 4 754 |
| Datakostnader | 4 127 |
| Rep. Vedlikehold utstyr | 14 156 |
| Rep. Skade bomstasjon | 30 463 |
| Driftsavtale Vegamot | 630 166 |
| Serv. Veikantutstyr Tecsidel | 110 894 |
| Prov utstedergodtgjørelse | 224 692 |
| Prov innkrev ferge Norled | 391 296 |
| AP-Grindgut kotn. | 231 171 |
| Brikkekostnad | 11 300 |
| Andre gebyr | 53 503 |
| Provisjonskostnad EPH | 36 947 |
| Inkassokost. TBS | 325 456 |
| Inkassokostnad | 102 176 |
| Innkommet på tidl avskrv fordr | -1 009 882 |
| Tap på fordringer | 1 692 903 |
| *Sum innkrevingskostnader* | *2 956 169* |

KPMG

KPMG AS
Sæ 136
N-5417 Stord

Telephone +47 04063
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlingen i Bømlo Vegselskap AS

REVISORS BERETNING

**Uttalelse om årsregnskapet**

Vi har revidert årsregnskapet for Bømlo Vegselskap AS som viser et overskudd på kr null. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2015 og resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

*Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

*Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav, og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettvisende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Offices in:

Oslo, Alta, Arendal, Bergen, Bodø, Elverum, Finnsnes, Grimstad, Hamar, Haugesund, Knarvik, Kristiansand, Larvik, Mo i Rana, Molde, Narvik, Sandnessjøen, Stavanger, Stord, Straume, Tromsø, Trondheim, Tynset, Tønsberg, Ålesund

*Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter, og gir et rettvisende bilde av den finansielle stillingen til Bømlo Vegselskap AS per 31. desember 2015 og av resultater for regnskapsåret, som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

**Uttalelse om øvrige forhold**

*Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Stord, 28. april 2016
KPMG AS

Willy Hauge
*Statsautorisert revisor*